

## **Emnerapport for NOSP### Språkbruksanalyse og NORMAU641 Språkkunnskap våren 2017**

Undervisningstilbudet er det same for NOSP310, NOSP210, NOSP250, NOSP250-L og NORMAU641. NOSP250-L er på 10 stp (og tilsvarande mindre pensum), dei andre på 15 stp.

### **Pensum og lærarar**

Pensumet var fordelt på tre modular: (1) stilistikk og tekstlingvistikk, (2) klarspråk, (3) metaforar i tekst. Éin lærar underviste i klarspråk, ein annan i dei to andre modulane.

Studentane var rimeleg godt fornøgde med temaa og pensumet (sjå evalueringsresymé nedanfor).

### **Undervisning**

Undervisninga var organisert som tre samlingar på to dagar kvar, med undervisning 9:15–16:00 (delvis avslutta noko tidlegare). I tillegg var det noko oppfølging på nettet, og det blei gitt rettleiing på bacheloroppgåver (munnleg og skriftleg) og mappeoppgåver (skriftleg).

Dei to første modulane (ovanfor) hadde éin dag kvar på kvar av dei første samlingane, mens modul tre hadde siste samling.

Samlingsorganiseringa ligg fast for NORMAU. NOSP-studentane er ikkje svært negative til ordninga, men noko fleire ønskjer undervisning kvar veke. (Sjå evalueringsresymé nedanfor.)

Lærarane ville klart føretrekkje ei jamnare fordeling av undervisninga på NOSP utover semesteret. Særleg kontakten med studentar som skal skrive bacheloroppgåve, blir skadelidande. Det er òg ei ulempe at pensumstoff frå siste samling vanskeleg kan brukast til bacheloroppgåvene, fordi undervisninga kjem etter at skrivinga skal vere godt i gang.

### **Evaluering**

Det blei gjennomført evaluering på utdelte spørjeskjema mot slutten av den siste samlinga. Svara er resymerte nedanfor.

### **Vurdering**

NOSP310 og -210 har 6-timars skuleeksamen.

NOSP250 har bacheloroppgåve (60 %) og 2-timars skuleeksamen (40 %).

NOSP250-L har bacheloroppgåve.

NORMAU641 har mappevurdering med tre oppgåver.

NOSP250-L vert vurdert med (ikkje) bestått. Det var to studentar, og begge klarte bestått.

Dei andre emna vert vurderte med bokstavkarakterar. Resultata vert her presenterte samla pga. låge tal på kvart emne:

A: 0; B: 4; C: 5; D: 2; E: 0; F: 2.

15 % av dei bokstavvurderte strauk altså. 13 % strauk om ein inkluderer NOSP250-L.  
Gjennomsnittskarakter: C.

## Oppsummering

Lærarane synest ikkje det er ideelt med samlingsorganisering for NOSP-studentane; særleg bacheloroppgåva vert skadelidande. Elles synest emna å ha fungert tilfredsstillande.

## Evalueringsresymé: NOSP-studentar

(1. Er du student på NORMAU- eller NOSP-emne?)

2. Har du synspunkt på utvalet av tema som er med i emnet (Stilistikk og tekstbinding, Klarspråk, Metaforar i tekst)?

*Gjennomgåande positivt: «relevant og interessant ... kunne gjerne hatt oppsummeringsoppgåver der ein jobbar litt med alle temaa i same tekst», «spennende og aktuelle ... hjelper sikkert å bruke språket mer bevisst og skrive bedre tekster», «viktige, særlege for dem som studerer norsk som andrespråk [innvekslingsstudentar]», «bra og variert, samtidig som ein kan sjå samanhengar», «bra ... har lært mykje», «alt i alt ... veldig bra ... variert ... 7 timer om dagen er litt for mye», «bra ... 2 dager med metaforer i tekst var bra gjennomtenkt, siden det er et ganske krevende emne»*

3. Har du synspunkt på pensumtekstane som vi har brukt?

*Gjennomgåande positivt til tekstane, bortsett frå noko misnøye med tekst på svensk eller engelsk: «litt vanskelig å lese svensk ... ellers er tekstene helt passende», «Cassirer, Nyström og Semino er helt perfekte ... klarspråk-tekster, er de fleste rettet til lærere ... «Klar, men aldri ferdig» har vært veldig nyttig», «hadde føretrekt at alt pensum var på norsk/eit nordisk språk ... dei engelske tekstane gjer pensum vanskelegare ... Elles tykkjer eg tekstane er gode og varierte», «føretrek[t] at pensum var på norsk», «godt utvalgt», «Mange av tekstene var tilgjengelige på nettet, som er alltid bra».*

4. Har du synspunkt på undervisninga (inkl. rettleiinga) som er gitt?

*Gjennomgåande positivt, men éi etterlysing av fleire oppgåver til arbeid utanom om samlingane og éi om meir info om eksamen: «Gode forelesningar. Flott at ein vekslar mellom forelesning og oppgåver ... Saknar oppgåver (med løysingsforslag!) som me kunne gjort ... mellom bolkane og fram mot eksamen», «bra at vi tar både teori og praksis ... fornøyd med at temaene ble forklart ganske tydelig og detaljert, «Begge professorene har vært veldig hyggelige og flinke til å involvere folk i diskusjonen ... utenlandske studenter fikk delta i drøftelsen på lik linje ... Men: jeg skulle ønske en mer detaljert forklaring på eksamensoppgavene vi skal ha ...», «kombinasjon av førelesing og oppgaveløysing, noko som passar meg svært godt», «bra, mykje på grunn av gode førelesera ... god veksling [mellom førelesing og arbeid med oppg.] ... god rettleiing på bacheloroppgåva!», «likte undervisningen godt, særleg pga at foreleserne gjorde en bra jobb», «likte at vi måtte være aktive ... løse oppgaver og diskutere».*

5. Kor fornøgd eller misfornøgd er du alt i alt med emnet? (Andre synspunkt?)

*Gjennomgåande positivt, men to studentar meiner emnet/opplegget har vore for sterkt innretta mot medstudentane på NORMAU-studiet: «Nøgd!», «Heller fornøyd», «fornøyd», «veldig godt nøgd ...*

*men skulle ønskja undervisninga var tidlegare i semesteret ... av og til verka som faget er mest for NORMAU-studentane», «Kan ikkje seie meg misfornøgd ... det mest lærerike faget eg har hatt på nordisk. ... mykje fokus på Normau-studentane», «veldig fornøyd», «krevende ... Lærerne var tilgjengelige ... villige til å svare på spørsmål ... fornøyd».*

6. Berre for NOSP-studentar: Undervisningsemne på nordisk har vanlegvis ein dobbeltime kvar veke. Her har vi hatt tre gonger to heile dagar.

a. Korleis synest du ordninga med 3 x 2 dagar har fungert for deg, samanlikna med undervisning kvar veke?

*Fleire nemner at det er tungt å følgje undervisning i så mange timar etter kvarandre. Nokre andre meiner at det er fint med så konsentrert undervisning. Éin student peikar på ulempa med at den tredje samlinga kom så seint at det hindra bacheloroppgåveskriving i det temaet.*

b. Ville du heller ha hatt undervisning kvar veke? Sett eitt kryss.

*Ingen studentar har sterke preferansar, men fleirtalet hadde føretrekt undervisning kvar veke.*

*0 KRYSS: Absolutt ikkje! Det er klart betre med 3 x 2 dagar.*

*2 KRYSS: Nei, eg trur eg føretrekkjer 3 x 2 dagar.*

*1 KRYSS: Det spelar svært lita eller inga rolle for meg.*

*4 KRYSS: Ja, eg trur eg føretrekkjer undervisning kvar veke.*

*0 KRYSS: Absolutt! Det er klart betre med undervisning kvar veke.*

### **Evalueringssymé: NORMAU-studentar**

(1. Er du student på NORMAU- eller NOSP-emne?)

2. Har du synspunkt på utvalet av tema som er med i emnet (Stilistikk og tekstbinding, Klarspråk, Metaforar i tekst)?

*Berre positive omtalar: «gode», «klokt utval ... da temaene bygger på hverandre», «OK», [smilefjes], «nyttige ... relevante for arbeidet ... i skolen»*

3. Har du synspunkt på pensumtekstane som vi har brukt?

*Berre positive omtalar: «bra, fornøyd», «gode å jobbe med», «gode», «OK» (2), «gode og forståelig», «relevante».*

4. Har du synspunkt på undervisninga (inkl. rettleiinga) som er gitt?

*Gjennomgåande svært positivt: «god og konkret tilbakemeldinger, nyttig», «god ... gode forklaringer ... oppgaveløsning ... forstår mer når jeg skriver mappeoppgaver, «det viktigste må være å få tilbakemelding på innholdet i oppgaven ... Rettskriving og tegnsettingsfeil synes ikke jeg er vits i ... Totalt synes jeg at tilbakemeldingene har vært gode», «Godt nøgd! Innholdsrike dagar med god undervisning. Rettleiinga ... har vore konkret og tilbakemeldingane kjappe», «veldig god*

*undervisning, raske og gode svar ... tydelige veiledninger», «setter stor pris på den gode rettleidinga ... Kunne vært fint å få en pekepinn om karakter», «Flott undervisning. Veldig fornøyd med veiledninga. Bra med gruppearbeid innimellom. Totalt: Supert»*

5. Kor fornøgd eller misfornøgd er du alt i alt med emnet? (Andre synspunkt?)

*Gjennomgåande positivt: «OK. Flott en kan ta direkte kontakt ...», «godt fornøyd» (2), «utvalet av tema og presentasjonen av det har vore interessant», «veldig fornøyd ... gode forelesere og god oppfølging», «veldig fornøyd», «veldig lærerikt og mye som kan knyttes direkte inn i jobben ... kanskje burde fått karakterer underveis ... Totalt: Supert.»*